



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Kommunestyret
Stad:	Herøy rådhus, Kommunestyresalen
Dato:	14.12.2017
Tid:	13:00 – 19:00

Medlemmer som møtte:

Svein Gjelseth	Medlem	AP
Per Kristian Furø	Medlem	AP
Jens Terje Johnsen	Medlem	AP
Olaug Andreassen	Medlem	AP
Runar Stave	Medlem	AP
Sofie Mere Arntsen	Medlem	AP
Leiv Aarflot	Medlem	AP
Gerd Kopperstad	Medlem	AP
Camilla Storøy	Nestleder	KRF
Ole Brubakk	Medlem	KRF
Linn-Therese Hansen Sævik	Medlem	KRF
Edel Kvalsund Goksøy	Medlem	KRF
Ann-Kathrin (Tine) Storøy	Medlem	H
Margaret Leinebø	Medlem	H
Stig Arne Helsem Sævik	Medlem	H
Bjørn Otterlei	Medlem	H
Idar Kjell Tarberg	Medlem	H
Sigurd Voldsund Nygard	Medlem	H
Janne-Katrin Hansen Sævik	Medlem	H
Hilde Marie Brungot	Medlem	H
Stian Sævik Elveseter	Medlem	H
Solveig Helen N. Båtsvik	Medlem	FRP
Thor-Sigmund Garvik	Medlem	FRP
Bjarne Kvalsvik	Medlem	FOLK
Kjell Runde	Medlem	FOLK
Kaja Runde	Medlem	FOLK

Forfall:

Reidun S Myrvågnes	MEDL	AP
Rakel Anett Gjelseth	MEDL	AP
Arnulf Goksøy	LEDER	H
Stig Arne Helsem Sævik	MEDL	H
Bjørn Otterlei	MEDL	H
Marthe Vågsholm Sævik	MEDL	H
Dag Kåre Nærø	MEDL	FRP

Frank Roy Moltu	MEDL	FOLK
-----------------	------	------

Varamedlemer som møte:

Arne Ringstad	Rakel Anett Gjelseth	AP
Karl Petter Sortehaug	Henry Jøsokbakke	V
Jan Arve Drabløs	Arnulf Goksøyr	H
Knut Tandberg	Marthe Vågsholm Sævik	H
Per Ola Kleppe	Frank Roy Moltu	FOLK

Andre:

Rådmann Olaus Jon Kopperstad
Politisk sekretær Lisbeth Moltu Espeseth
Økonomileiar Geir Egil Olsen
Eigedomsleiar Robert Myklebust

Møtet vart annonsert i Vestlandsnytt og sakliste vart sendt til medlemene og dei fremste varamedlemene i kvar gruppe.

Det møtte 26 faste og 5 vara, 31 representantar, 2 mindre enn fulltallig.
Ingen hadde merknader til kommunestyret si samansetjing.

Til å skrive under protokollen saman med ordføraren/leiaren vart desse valde:
Sofie Mere Arntsen og Thor-Sigmund Garvik

Bjarne Kvalsvik fekk permisjon frå kl. 17:30. Rolf Arne Nilsen tok plass.
Linn Therese H. Sævik fekk permisjon frå kl. 19:30.

K-sak 166/17 vart handsama før K-sak 160/17. Dei andre sakene vart handsama i oppsett rekkefølge.

underskrifter

Sofie Mere Arntsen

Camilla Storøy
fung.ordførar

Thor-Sigmund Garvik

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 149/17	Godkjenning av innkalling og sakliste.
PS 150/17	Protokoll frå førre møte.
PS 151/17	Delegerte saker
PS 152/17	Referatsaker
PS 153/17	Ny lov om tru- og livssynssamfunn - Høyring.
PS 154/17	Slutthandsaming: Fosnavåg hamn, indre hamn, gnr. 34, bnr. 379 m. fl.
PS 155/17	Revidert forskrift for Søre Sunnmøre Reinhaldsverk
PS 156/17	Avlaupsplan - omprioritering av mindre tiltak
PS 157/17	Avgrensa revidering av "prioritert handlingsprogram" i kommunedelplanen for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2015-2018
PS 158/17	Resultat av brukarundersøkinga i institusjon/sjukeheim 2017.
PS 159/17	Rapport vedkomande resultat og evaluering av 10-FAKTOR 2017 i Herøy kommune
PS 160/17	Gebyrregulativ for avlaupsgebyr 2018
PS 161/17	Feie og tilsynsgebyr 2018.
PS 162/17	Gebyrregulativ for Slamtøming 2018.
PS 163/17	Avfallsgebyr 2018
PS 164/17	Avgiftssatsar for brøyting av private vegar 2018
PS 165/17	Budsjett 2018 og økonomiplan 2018-2021. Saksutgreiing med endringar tilrådd i formannskapet 28.11.2018
PS 166/17	Varsel om oppstart av arbeid med kommunedelplan for helse og omsorg, og utlegging av planprogram til offentleg ettersyn

Delegerte saker frå avdelingane:

DS 370/17	Ferdigattest - 42/11 seksjon 3 - Innvendig arbeid naust
DS 371/17	Henry Jøsokbakke 85/1 - Løyve til tiltak
DS 372/17	Ruben Bakke 40/82 - Løyve til tiltak
DS 373/17	Herøy kommune 45/47 45/71 - Løyve til tiltak
DS 374/17	Kari Åse Homme - 31/34 - Støyskjerm mot veg
DS 375/17	Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2016
DS 376/17	Ferdigattest- 56/108 - seksjon nr 1 og 2
DS 377/17	Ferdigattest riving av bygg - 33/127
DS 378/17	Moltustranda Båtforening 62/48 - Løyve til tiltak
DS 379/17	Ferdigattest - 60/36 - Tilbygg/ombygging
DS 380/17	Moltustranda grunneigarlag 60/ Løyve til tiltak
DS 381/17	Ferdigattest - 59/48+68 - lagerbygg med kontordel
DS 382/17	Mørebygg AS 4/288 B1-A - Midlertidig bruksløyve
DS 383/17	Ferdigattest - 60/454 m fl - Myrabakken bustadfelt
DS 384/17	Ferdigattest innreiing loft - 4/256
DS 385/17	Torvholmen, Flåvær -Kjartan Spidsberg - 64/4 - IG Hovudhuset +endring av tidlegare gitt løyve
DS 386/17	Teigelia Vel 4/288 - Løyve til tiltak
DS 387/17	Mellombels bruksløyve - 30/84 og 83 - Del av 2-mannsbustad seksjon C
DS 388/17	Kjerstin L. Nygard 56/25 - Løyve til tiltak
DS 389/17	Anita og Per Ståle Fiskerstrand 62/53 - Løyve til tiltak
DS 390/17	Prosjektbygg AS 33/51 -Ferdigattest riving
DS 391/17	Ferdigattest - 37/426 - Omsorgsbustadar
DS 392/17	Rammeløyve
DS 393/17	Jorunn og Harald Sørdal 46/92 - Midlertidig bruksløyve
DS 394/17	Johan-Ole Abeltun - 58/50 - Garasje/hagestove
DS 395/17	Mellombels bruksløyve - 48/86 - Seksjon B
DS 396/17	Inga Goksøyr - 19/171 - Ferdigattest
DS 397/17	Aurvoll og Furesund AS - Løyve til tiltak
DS 398/17	Bygg & System Eigedom AS 23/42 - Igangsettingsløyve til og

- med råbygg
- DS 399/17 Målfrid Almestad gnr. 38 bnr. 3 Frådeling av tilleggsareal til gnr. 38 bnr. 38
- DS 400/17 Svein Nærø Gnr. 24 bnr. 2 Frådeling av eit regulert område
- DS 401/17 Kjartan Paulsen gnr. 36 bnr. 2 - Frådeling av utbygningsområde
- DS 402/17 Karin Johanne Voldsund gnr. 31 bnr. 32 Frådeling av to tilleggsareal til gnr. 31 bnr. 100 og bnr. 104
- DS 403/17 Henning Flusund gnr. 26 bnr. 59 - Frådeling av tomt til uendra bruk

Referatsaker:

- RS 55/17 Forslag til møtekalender kommunestyre 2018
- RS 56/17 VS-sak 17/17: Supplering av Høgre si rekke av vararepresentantar til Herøy kommunestyre
- RS 57/17 Status pr. 25.10.2017 for søknad om tilskot til fiskerikai på Mjølstadneset
- RS 58/17 Møteprotokoll kontrollutvalet 27/11.2017 - Utskrift til kommunestyret.
- RS 59/17 Oversending av endeleg rapport frå tilsyn med kommunale tenester til personar med psykisk lidning og samtidig rusmiddelproblem
- RS 60/17 F-sak 181/17. Særutskrift Forskottering av Fosnavåg hamn - uttale til budsjettprosessen i Stortinget 2018.

PS 149/17 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE.

Møtebehandling:

Elles ingen merknader til innkallinga.

K-sak 166/17: Varsel om oppstart av arbeid med kommunedelplan for helse og omsorg, og utlegging av planprogram til offentlig ettersyn – vart sett på saklista.

PS 150/17 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE.

Møtebehandling:

Protokoll frå førre møte låg føre.

PS 151/17 DELEGERTE SAKER

Møtebehandling:

Delegerte saker frå avdelingane låg føre og vart tekne til vitande.

PS 152/17 REFERATSAKER

Møtebehandling:

Referatsaker frå avdelingane låg føre.

PS 153/17 NY LOV OM TRU- OG LIVSSYNSSAMFUNN – HØYRING.

Møtebehandling:

Særutskrift i sak 39/17 frå Herøy kyrkjelege fellesråd 13.12.2017, vart delt ut.

Jens Terje Johnsen (Ap) kom med slikt framlegg:

«Herøy kommunestyre vedtek å følgje KA sitt framlegg til høyringssvar i Forslag til ny lov om tros og livssynssamfunn med endring i følgjande punkt:

Pkt. 4: Respekt for barnet sitt eige trusliv bør stå sterkt i vår kyrkje. Barna bør reknast med i medlemstalet.

Pkt. 5: Minstekrav på 500 medlemmer

Pkt. 19: Kyrkjemøtet si mynde til å fastsette nærare reglar om kyrkja si organisering.

Pkt. 22: Kyrkjemøtet si mynde til å avgjere om medlemene skal betale medlemskontigent.

Forklaring til pkt. 22: Visst Den norske kyrkje i framtida skal vurdere medlemsavgift, må dette vere i kyrkjerådet. Kommunestyret ser det for sin del lite ønskjeleg at ein skal måtte betale for å bli med i kyrkja.

Pkt. 24a: Vidareføring av dagens økonomiske modell.»

Det vart punktvis røysting:

Pkt. 4 vart vedteke mot 10 røyster.

Pkt. 5 vart samrøystes vedteke.

Pkt. 19 vart samrøystes vedteke.

Pkt. 22 vart samrøystes vedteke.

Forklaring til pkt. 22 vart samrøystes vedteke.

Pkt. 24a vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 14.12.2017

Herøy kommunestyre vedtek å følgje KA sitt framlegg til høyringssvar i Forslag til ny lov om tros og livssynssamfunn med endring i følgjande punkt:

Pkt. 4: Respekt for barnet sitt eige trusliv bør stå sterkt i vår kyrkje. Barna bør reknast med i medlemstalet.

Pkt. 5: Minstekrav på 500 medlemmer

Pkt. 19: Kyrkjemøtet si mynde til å fastsette nærare reglar om kyrkja si organisering.

Pkt. 22: Kyrkjemøtet si mynde til å avgjere om medlemene skal betale medlemskontigent.

Forklaring til pkt. 22: Visst Den norske kyrkje i framtida skal vurdere medlemsavgift, må dette vere i kyrkjerådet. Kommunestyret ser det for sin del lite ønskjeleg at ein skal måtte betale for å bli med i kyrkja.

Pkt. 24a: Vidareføring av dagens økonomiske modell.

PS 154/17 SLUTTHANDSAMING: FOSNAVÅG HAMN, INDRE HAMN, GNR. 34/379 M.FL.

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 14.12.2017

Herøy kommunestyre godkjenner, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, *detaljreguleringsplan for Fosnavåg hamn, indre hamn gnr. 34, bnr. 379 m. fl.* med plankart og føresegner datert 20.11.2017.

Planvedtaket kan påklagast, jf. plan- og bygningslova, § 1-9 og 12-12 og Forvaltningslova kapittel VI innan tre - 3 - veker frå kunngjeringsdato.

PS 155/17 REVIDERT FORSKRIFT FOR SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK.

Møtebehandling:

Maritim og teknisk komite si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 14.12.2017

Herøy kommunestyre vedtek kommunal forskrift for Søre Sunnmøre Reinhaldsverk sitt arbeid i medlemskommunane etter tilråding frå representantskapet og administrasjonen i SSR.

PS 156/17 AVLAUPSPLAN – OMPRIORITERING AV MINDRE TILTAK

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 14.12.2017

Herøy kommunestyre endrar prioritering i avlaupsplanen sin handlingsdel slik:

Avlaupsprosjektet i Verket vert tatt inn som nytt tiltak med realisering i 2018. Prosjektet er kostnadsrekna til 3 mill kr og inkluderar leidningstrase på land, overløpsleidning til sjø og pumpestasjon inkludert tilkomst. Finansiering ved omdisponering i avlaupsplanen.

PS 157/17 AVGRENSA REVIDERING AV «PRIORITERT HANDLINGSPROGRAM» I KOMMUNEDELPLANEN FOR IDRETT, FYSISK AKTIVITET OG FRILUFTSLIV 2015-2018.

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 14.12.2017

Herøy kommune vedtek i medhald av Pbl. §11-4 å gjere ei avgrensa revidering av kommunedelplanen for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2015-2018 slik det ligg føre i framlegget.

PS 158/17 RESULTAT AV BRUKARUNDERSØKINGA I INSTITUSJON/SJUKEHEIM 2017

Møtebehandling:

Komite for helse og omsorg si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 14.12.2017

Resultatet av brukarundersøkinga i institusjon/sjukaheim 2017, vert teken til vitande.

PS 159/17 RAPPORT VEDKOMANDE RESULTAT OG EVALUERING AV 10-FAKTOR 2017 I HERØY KOMMUNE

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 14.12.2017

Rapporten vert teken til vitande.

PS 160/17 GEBYRREGULATIV 2018 – AVLAUPSGBYR.

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 14.12.2017

1. Herøy kommunestyre vedtek nytt gebyrregulativ for avlaupsgebyr for Herøy kommune med verknad frå 01.01.2018, jfr. Vedlagt forslag til gebyrregulativ for avlaup 2018.
2. Dette vedtaket er gjort med heimel i lov om kommunale vass- og kloakkavgifter av 31. mai 1974.

PS 161/17 FEIE- OG TILSYNSGEBYR 2018.

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret – 14.12.2017

1. Herøy kommunestyre vedtek at gebyr for feiing og tilsyn med fyringsanlegg i 2018 vert sett til kr 345 + mva pr. abonnent.

For gassfyrte fyringsanlegg vert gebyret for feiing og tilsyn sett til kr. 230,- + mva pr. abonnent.

2. Vedtaket er gjort med heimel i brann- og eksplosjonsvernlova av 14. juni 2002, og tilhøyrande forskrift om brannforebygging av 17. desember 2015.
3. Gebyrregulativet vert gjort gjeldande frå den dag det er vedteke.

PS 162/17 GEBYRREGULATIV FOR SLAMTØMING 2018.

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i kommunestyret – 14.12.2017:

1. Årsgebyret for slamtøming av private slamavskiljarar vert vedteke uendra frå 2017 til 2018. Dvs. at gebyret i 2018 vert sett til kr.925,- for tankvolum inntil 6 m³. For traktortøming, større slamavskiljarar samt tette tankar er prisen entreprenørs faktura med eit påslag på 25%.
2. Vedtaket vert gjort med heimel i lov av 31. mars 1981 nr.6 om vern mot forureining og om avfall (forureiningslova) §34.

PS 163/17 AVFALLSGEBYR 2018

Møtebehandling:

Edel Kvalsund Goksøyr reiste sitt habilitetsspørsmål. Ho er styremedlem i Søre Sunnmøre Reinhaldsverk. Ho gjekk frå under handsaming av habilitet. Edel Kvalsund Goksøyr vart samrøystes kjend inhabil etter KL. §40, Fvl §6 e.

Margaret Leinebø reiste sitt habilitetsspørsmål. Ho er styremedlem i Søre Sunnmøre Reinhaldsverk. Ho gjekk frå under handsaming av habilitet. Margaret Leinebø vart samrøystes kjend inhabil etter KL. §40, Fvl §6 e.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 14.12.2017

1. I medhald av forureiningslova § 34 fastset Herøy kommunestyre følgjande gebyr for standardabonnement for renovasjon gjeldande for 2018:

Type abonnement	Gebyr pr. abonnement 2018	Merknad
Standardabonnement, dunk 140 l grøn – 240 l blå Henting annakvar veke	Kr 3.141,60	+ mva.
Standard abonnement, sekk Sekkeløysing – 30 sekkar Henting annakvar veke	Kr 3.141,60	+ mva.
Redusert abonnement 140 l grøn – 240 l blå Sekkeløysing – 18 sekkar	Kr 2.731,20	+ mva.
Abonnement – nedgravd løysing	Kr 3.141,60	+ mva.

2. Kommunestyret vedtek i tillegg SSR 2018 - Gebyrregulativ med unntak av slamtømningsgebyret som vert vedteke i eiga sak.
3. Vedtaket gjeld fram til det vert gjort nytt vedtak.

PS 164/17 AVGIFTSSATSAR FOR BRØYTING AV PRIVATE VEGAR 2018

Møtebehandling:

Bjarne Kvalsvik reiste sitt habilitetsspørsmål. Han er brøyttar for Herøy kommune. Han gjekk frå under handsaming av habilitet. Bjarne Kvalsvik vart samrøystes kjend inhabil etter KL. §40, Fvl §6 a.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 14.12.2017

1. Brøyteabonmentane skal betale eit årleg gebyr/beredskapsgodtgjersle på 286 kroner.
2. For vegar med lengde 25-100m skal det betalast 133 kroner pr. gong.
For kvar påbyrja 100m over dei fyrste 100m skal det betalast eit tillegg på 80 kroner.

Meirverdiavgifta kjem i tillegg.

Dei nye satsane vert gjort gjeldande frå 01.01.2018.

PS 165/17 BUDSJETT 2018 OG ØKONOMIPLAN 2018-2021. SAKSUTGREIING MED ENDRINGAR TILRÅDD I FORMANNSKAPET 28.11.2017.

Møtebehandling:

Notat av 30.11.2017 om endringar i kap. 9, 10 og 11 etter formannskapsmøte 28.11.2017, vart delt ut.

Saksprotokoll i sak 34/17 frå eldrerådet vart delt ut.

Saksprotokoll i sak 78/17 frå komite for næring, kultur og idrett, vart delt ut.

Kaja Runde (Folk/Sp) kom med slikt framlegg til nytt pkt. 18:

«Kommunestyret vedtek at toalettet i Goksøyra skal vere heilårs- og heildøgnsope. Kostnadane, stipulerte til ca. kr. 100.000,-, vert dekt under 6051-reinhold/eigedom si ramme.»

Det vart halde gruppemøte.

Røysting:

Formannskapet si tilråding vart vedteke mot 9 røyster.

Fremlegget frå Kaja Runde (Folk/Sp) vart vedteke mot 3 røyster.

Vedtak i kommunestyret – 14.12.2017

1. Rammene til dei ulike avdelingane blir slik i 2018 (runda av til næraste kr 5.000,-).

	2017	2018
POLITISK LEIING	4.050	4.080
ADMINISTRATIV LEIING	3.380	1.795
STAB	44.240	45.960
Servicetorg	2.960	3.155
Dok senter/innkjøp/stabsleiing	2.180	3.925
Økonomiavdeling	5.650	5.690
Personal- og org.avdeling	7.810	7.425
IKT	6.760	6.610
Eigedom	18.880	19.155
OPPVEKST	180.230	183.550
Barnehageavdeling	67.140	68.320
Grunnskuleavdeling	113.090	115.230
HELSE OG OMSORG	198.885	205.725
Administrasjon helse og omsorg		1.305
Barn, familie, helse (ink NAV og flykting)	48.600	47.850
Pleie- og omsorgsavd	109.315	108.320
Bu- og habiliteringsavd	40.970	39.850
Tenestekoordinerer		8.580
SAMFUNNSUTVIKLING	30.550	33.215
Kulturavdelinga	8.620	8.575
Utviklingsavdelinga	21.930	7.630

Brannvernsavdelinga		8.800
Anleggs- og driftsavdelinga		8.210
OVERFØRINGSKAPITTELET	13.260	12.600
ØHJELP, MOTTA	(1.180)	

(Dei postane med raude tal er auka samla sett med 1,5 mill kr i 2018 sett i høve til rådmannens forslag)

2. Herøy kommune vedtek den gjeldande maksimalsatsen for inntektsskattøre for år 2018.
3. Kommunale avgifter, betalingssatsar, husleiger og eigendelar vert prisjustert om ikkje anna vert bestemt særskilt.
4. Det vert vedteke slike endringar i betalingssatsane:
 - a. Barnehagesatsane følgjer den statlege maksimalprisordninga i 2018.
Kr 2.910,- for heil plass + matpengar kr 350,-.
 - b. Husleiga for kommunale utleigebustadar vert regulert årleg etter kontraktsdato dersom endringa i konsumprisindeksen for same periode er positiv. Ved inngåing av ny husleigekontrakt vert veiledande husleige for leigeobjektet vurdert opp mot og eventuelt regulert til same nivå som for tilsvarande kommunale leigeobjekt. Dersom husleigesatsen for eit eller fleire kontraktsforhold avvik frå gjengs leige, kan forvaltar regulere husleiga til gjengs nivå i tråd med krava i husleigelova.
 - c. Vaksinasjon kr 350,- pr konsultasjon + dekning av vaksinekostnader.
 - d. Abonnementordninga for heimetenestene vert slik:
 - Timepris: kr 370,- (kr 360,- i 2017)
 - 2-3 G – Kr 1.400,- per mnd (Uendra frå 2017)
 - 3-4 G – Kr 1.750,- per mnd (Uendra frå 2017)
 - 4-5 G – kr 2.100,- pr mnd (Uendra frå 2017)
 - Over 5 G – kr 2.450,- per mnd (Uendra frå 2017)
 - e) Leige tryggleiksalar kr 330,- per måned (kr 320,- i 2017).
 - f) Korttidsopphald institusjon kr 155,- pr døgn (uendra)
Kommunen vil automatisk oppjustere sine satsar i tråd med sentrale justeringar.
 - g) Dagplass ved institusjon kr 80,- pr dag (uendra).
Kommunen vil automatisk oppjustere sine satsar i tråd med sentrale justeringar.
 - h) Sal av middag ved institusjonane kr 90,- pr middag (kr 90,- i 2017)
 - i) Utkøyring og sal av middag frå institusjonane kr 100,- pr middag (uendra)
 - j) Fullkost per mnd kr 3.600,- eller kr 170,- per døgn (kr 3.600,- per mnd i 2017)
 - k) Kurdøgnprisen for opphald i institusjonane (sjukeheimane) vert sett til kr 2.050,- (kr 1.940,- per døgn i 2017).
 - l) Eigenbetaling for elevplass i Kulturskolen blir kr 3.500,- (kr 3.400,-) gjeldande frå 01.08.2018. Andre prisar aukar med 3% frå 01.08.2018
 - m) Eigenbetaling for SFO-plass. Gruppe 3 Full plass kr 2.625,- (kr 2.500,-).
Gruppe 2 (inntil 14 timar) kr 2.160,- per mnd (2.055,-) og gruppe 1 (inntil 10 timar)

per veke) kr 1.530,- (kr 1.455,-).Ferie SFO aukar med 5% Alt gjeldande frå 01.08.2018.

- n) Tilknytningsavgift for kloakk, kloakkgebyr, feieavgift, renovasjonsavgift, avgift for tvungen slamtømming vert fastsett for 2018 gjennom egne vedtak i kommunestyret.
- o) Gebyrsatsane for byggesak, plan og oppmåling vert uendra frå 2017 til 2018
- p) Andre avgifter, betalings-satsar etc som ikkje er nevnt over aukar med 3,0%

(Når det gjeld prisane innan pleie- og omsorg er målsetjinga eins prisar for alle kommunane på Søre Sunnmøre med unntak av kurdøgnprisen som reflekterer kva det kostar per døgn å bo på institusjon (sjølvkost).

- 5. Investeringsprosjekt som det er løyvd budsjettmidlar til i 2017, men som ikkje er avslutta, vil automatisk få overført unytta ramme til 2018.
- 6. Budsjettet for 2018 fører til slike nye faste stillingsheimlar:
 - a) 9,5 nye årsverk (stillinger) i Pleie- og omsorgsavdelinga
- 7. Kommunestyret ber om at stillingar vert haldne vakante så lenge det er forsvarleg.
- 8. Kommunestyret ber om at det vert gjort ein gjennomgang i alle sektorane innan 31.03.2018 med sikte på å finne tiltak som kan redusere driftskostnadene med 10 mill kr på årsbasis. Tiltaka skal vere realistiske og gjennomførbare. Dette er tiltak som skal kome i tillegg til rammereduksjonane for sektorane.
- 9. Kommunestyret ber om at det innan 31.03.2018 vert lagt fram ei sak om sal av kommunale bustader og andre kommunale eigedomar.

Inntekter frå sal av kommunale bustadar skal avsettast på investeringsfond for reinvestering i nye bustadprosjekt kommunen er byggherre for eller deltakar i på anna vis.
- 10. Det vert lagt fram særskilde saker for handsaming av avtalevilkår og økonomisk deltaking når søknad ligg føre, når det gjeld saker knytt til planlegging og utbygging i samband med næringsutvikling og infrastrukturanlegg.
- 11. Alle investeringsprosjekt, også dei som er omfatta av kloakkrammeplanen, skal så snart dei er ferdige leggest fram for kommunestyret for endeleg godkjenning (økonomisk avslutning).
- 12. Budsjettrapportering og rapportering etter måltal skal skje kvart tertial 30.04 og 31.08.
- 13. Kommunestyret vedtek eit låneopptak på NOK 61,5 mill for 2018. Ordførar og/eller rådmann får fullmakt til å ta opp og godkjenne lånevilkåra innanfor oppgitt låneramme i budsjettet (lånesummen kan bli justert ned til innstillingsmøtet i formannskapet).

14. Herøy kommunestyre godkjenner ein trekkrett i Danske Bank AS på inntil 100,0 mill kr. til utløpsdato for gjeldande bankavtale 01.09.2019 med oppsjon fram til 01.09.2020.
15. Kommunestyret vedtek låneporteføljen til Herøy kommune, og alle lån i porteføljen kan vere aktuelle for refinansieringar i budsjettåret 2018. Rådmannen står fritt til å betale budsjetterte avdrag på dei lån han finn føremålstenleg, uavhengig av opprinneleg vedtak.
16. Rådmannen får fullmakt til å utføre budsjettendringar for det som vedkjem refusjon sjukeløn opp mot vikarutgifter, samt endringar knytt til mva kompensasjonen.
17. Kommunestyret vedtek budsjettet for 2018 og økonomiplanen for perioden 2018-2021 på grunnlag av dei rammer og føresetnader som er fastsett i denne planen.
18. Kommunestyret vedtek at toalettet i Goksøyra skal vere heilårs- og heildøgnsope. Kostnadane, stipulerte til ca. kr. 100.000,-, vert dekt under 6051-reinhald/eigedom si ramme

PS 166/17 VARSEL OM OPPSTART AV ARBEID MED KOMMUNEDELPLAN FOR HELSE OG OMSORG, OG UTLEGGING AV PLANPROGRAM TIL OFFENTLEG ETTERSYN.

Møtebehandling:

Komite for helse og omsorg si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i kommunestyret – 14.12.2017:

1. Kommunestyret vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 11-12 å starte opp arbeidet med kommunedelplan for helse og omsorg.
2. Kommunestyret vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 11-13 å legge vedlagde forslag til planprogram ut til offentleg ettersyn i minimum seks(6) veker (jfr forslag datert 24.11.17)

MØTET SLUTT KL 19:00

